

# KONTAKT

KYRKJEBLADET FOR MELAND · NR. 2 / 24 · 34. ÅRGANG

s. 4

Nytt kyrkjetorg  
– nesten ferdig



# Spesialprest på nytt spesialoppdrag

Tekst: Solveig Westermoen

Foto: Arve Kjell Uthaug og Daniel Kydland

Håkon Kinsarvik har vore spesialprest i Meland kyrkjelyd frå mai 2019 til no. I haust opnar han eit nytt kapittel når han reiser til Gulen for å vere sokneprest der. Kontakt har intervjuat Håkon om tida i kyrkjelyden desse 5 åra.

Seint i 2018 sende Håkon ein søknad om å bli spesialprest i Meland kyrkjelyd. Han og kona Linda budde alt i Meland og ein jobb i den lokale kyrkjelyden, med kort veg til kontoret og høve til å gjere ein forskjell i lokalmiljøet var tiltalande. I tillegg hadde Håkon hørt mykje godt om kyrkja og kyrkjelyden og som relativ fersk prest hørdes det fint ut å jobbe i ein stab og kyrkjelyd som arbeidde godt i lag.

Planen var at han i starten skulle observere og kartlegge kva som fans av ungdomsarbeid i lokalmiljøet og bruke dette som utgangspunkt for vidare arbeid med ungdom og blant unge voksne i soknet. "Eg syntest dette var ein veldig fornuftig tanke", seier Håkon, og gledde seg over høvet til å bli godt kjend med kyrkjelyden før alvoret skulle tre til for fullt.

Og så kom mars 2020.

"Eg hugsar ein av dei fyrste dagane etter at Noreg stengde. Nokre frå staben drog til kyrkja for å spele inn ei videohelsing til kyrkjelyden. Det var ei veldig spesiell tid, der vi i staben kom endå tettare på kvarandre og måtte samarbeide på nye måtar".

Det vart fleire videoar, utegudstenester, rebusløp og andre korona-venlege aktivitetar. Og litt etter litt opna samfunnet opp att til ein ny normal.

Håkon har hatt ansvar for konfirmantopplæringa på Rossland/ Holsnøy Nord, og utfrå dette arbeidet vart Ungkyrkja fødd. Dei fyrste kulla han hadde var svoltne på fellesskap og Håkon er takknemleg for at han fekk lov å bruke tid og ressurser på å bygge relasjoner og møte ungdomane der dei var, relasjoner han fortsatt tek vare på. Fleire ungdommar melde seg til leiarkurs etter konfirmasjon og saman med Ungkyrkja vart det leirar på Fjon Fjellkyrkje, og ein Londontur som Håkon ser tilbake på med glede.

I tillegg til ungdomane set Håkon stor pris på møta han har hatt med familiar og enkeltpersonar i soknet. Dette var noko av det han gledde seg til og var audmuk for



Familiegudstenester har vore ein viktig del av Håkon sitt arbeid i Meland kyrkjelyd. Her lagar han storm i vannglas, januar 2024.

som teologistudent. "Det å vere tett på livet og tett på ungdomane, det er noko av det finaste.." smiler Håkon. "...og å få snakke om Gud, og kva rolle Gud har i enkeltmenneske sine liv, saman med dei som kanskje ikkje slit kyrkjebenkane til vanleg".

For dei som ynskjer det, har Holsnøy mange tilbod til dei som vil ha eit kristent fellesskap. Utanom Den norske kyrkja er det fleire frie kyrkjelydar, og slik sett ligg Holsnøy godt planta i bibelbeltet i Noreg. I tillegg er det mange som har ei anna tru, inga tru, eller lever godt med si eiga tru uten å oppsøkje noko fellesskap. Også desse liker Håkon å snakke med. "Eg prøver å møte alle med respekt, og desse samtalene kan gjerne føre til at begge partar blir utfordra på korleis ein tenkjer".



Londontur med ungdommar i leiartrening er noko av det fine som Håkon har vore med på.

Ein del av prestetenesta som Håkon er blitt spesielt glad i, er sorgsamtaler og gravferder. Han trudde ikkje at det kom til å bli slik. Som ung opplevde Håkon at det var mykje sjukdom i nær familie, og han opplevde fleire tap som gav han eit anstrengt forhold til døden. Han prøvde å halde seg profesjonell og distansert i dei fyrste gravferdene sine. Ein vegleiar utfordra han til å vere til stades med heile seg, til å sørge med dei sørgjande, gråte med dei som gret og le med dei som ler. Dette tok Håkon til seg, og kjenner det godt å få vere tilstades for folk. "Eg kjenner stor takksemd over livet, og å få lov til å løfte fram historia til dei som har gått bort, og få dele himmelhåpet med dei som er att. Det er stort å få dele tid med menneske i djup sorg, og eg er audmjuk fordi eg får vere del av dette og".

Håkon trekker frem at det er fleire rundt han som jobber for at kvar gravferd skal opplevast som trygg og fin for

dei pårørande. Han vil spesielt nemne gravferdsbyråa i Nordhordland som gode samarbeidspartnarar.

Til hausten reiser Håkon nokre mil nordover til Gulen for å vere sokneprest. Han føler seg klar for nye oppgåver og meir ansvar, og føler han har lært mykje her i Meland. Det blir spennande å få sette sitt preg på ein kyrkjelyd i enda større grad. "Eg har eit misjonalt hjarte for Gulen og ynskjer å treffe folk som er på leit og håper at Gud kan bruke meg der" avslutter Håkon.

Håkon ynskjer å takke for tida han har hatt i Meland kyrkjelyd. Han håper at både kveldsgudstenester og ungdomsarbeid vil få eit nytt oppsving med nye lokale, og at kyrkjelyden fortset arbeidet med å integrere nye som kjem til øya.

Kontakt ynskjer Håkon lykke til vidare, og bed om Guds velsigning over arbeidet.

## Meland Auto AS

Autorisert bilverkstad  
[www.melandauto.no](http://www.melandauto.no)



## ALT I CATERING

NORDHORDLAND FOLKEHØGSKULE  
[www.cateringen.com](http://www.cateringen.com) • tlf. 56 17 43 23



Vi tilbyr utelege av flotte festlokale og har gode cateringtilbod til dåp, konfirmasjon, jubileum og minnesamvær.  
Sjå [www.glode.no](http://www.glode.no) eller ta kontakt på 56 17 58 00

# Halvferdig og håpefullt

Tekst og foto: Anne Sofie N. Uthaug

Rett før sommarferien startar for dei fleste, skal kyrkjekontor og kyrkja sitt forsamlingslokale inn i det store nybygget på Frekhaug senter. Det vert i andre etasje med store vindauge ut mot senteret. Både tilsette og frivillige medarbeidrarar gler seg og er spente på kva dei nye lokalane kan bety for bygda.

I den andre fløyen i andre etasje kjem det kommunale kontor. I første etasje vert det butikkar; Coop Extra og apoteket og i 3 og 4 etasje; leiligheter til utleie.

Kyrkjekontoret vil ha 7 cellekontor, lunsj- og møterom, bøne- og samtalerom og nødvendige servicerom. I forsamlingsrommet, som etter alt å døme skal heite Kyrkjetoget, vert det kjøkken, eige undervisningsrom og god plass til alle aktivitetane kyrkja har på Frekhaug allereie: språkkafeen, babysong/småbarnstreff, Open Møteplass (treffplass med kaffi på dagtid), konfirmantundervisning, korøving, diverse møte med meir. Men det vert også mogeleg med nye aktivitetar, både for eige bruk og for utelege.

Sokneråd og stab har teke seg tid til å drøyme og tenkje på alle dei nye moglegitene, men vil også lage konkrete planar etter kvart. Men i desse dagar er fokuset først og fremst å få lokalane klare, så dei blir praktiske og fine for alle brukarar. Gjer deg klar til å kome og sjå ein gong i haust!!



Hjørnekontoret med mykje lys og utsikt.



Arbeid pågår, og det er rotete no (april) , men det skal bli fint!

**SKARSVÅG**  
Rør og Interiør as

Telefon: 56 17 07 10 Telefaks: 56 17 07 11  
Besøksadresse og Postadresse:  
Melandsvegen 15, 5918 FREKHAUG

Mandag-Fredag 08.00-16.00 Lørdag : STENGT

For avtale etter kl. 16.00 alle hverdager,  
ta kontakt på telefon: 56 17 07 10

**KIWI mini pris**  
for alle med sans for lavpris  
FREKHAUG SENTER

Åpningstider: Man-lør: 07.00-23.00

**REMA 1000**  
FREKHAUG SENTER  
tlf.: 56 17 60 00

# Frå kyrkjebenken

«Å bygge fellesskap på ein stille måte»

Tekst: Anne Sofie Uthaug, foto: Arve Kjell Uthaug

- Kor lenge har du vore aktiv i kyrkjelyden

Leif fortel: For mange år sidan vart eg litt overraskande spurt av Anne Hilde G. Reigstad om å vere med i dåpsskulen. Seinare vart eg engasjert i julekonsertarbeidet av Arvid Sakseide. Anne vart med på arbeid med kyrkjeteckstilane og har brodert lammet i det kvite antipendiet (tekstilen som heng på alteret). Det var veldig kjekt! Leif gjekk lenge på gudstenestene utan Anne, ho fortel at ho ikkje var van med gudstenestegang frå oppveksten. Men dei siste åra har gudstenestene vorte ein god plass å vere for henne også.

Anders Wendel, som var prest her for for ein del år sidan, sa noko i ein tale om gudstenestene som eg aldri har gløymt, fortel Leif: «Andre ser at du er der», og dermed byggjer vi fellesskapet på ein stille måte. Det betyr noko at eg er der som ein del av flokken, berre ved å vere til stades.

- Kva set du mest pris på ved kyrkjelyden vår?

Det er så godt og trygt å vere her, det er så kjekke folk, seier Anne. Dei får begge glede over å sjå gode venner og kjende. Eg treng det, seier Leif, livet er både godt og vanskeleg, då treng vi noko fast og føreseileg, liturgien, salmesongen, teksten på altarbildet. Då Anne vart sjuk med demens, viste gudstenestene seg å verte endå viktigare. Samtidig er det fint med variasjonen i gudstenesteformer. Det har alltid vore gode prestar her som snakkar folkeleg, men det er ikkje alltid eg får noko ut av det likevel, då er gjerne problemet hos meg, undrar Leif seg på. Det var ei god trøyst i dagens tekst (Johannes 10, 6) at heller ikkje dei som hørde Jesus forstod alt.

Kva salme syng du gjerne for tida?

«Må din vei komme deg i møte» (nr 624), er dei samde om. Salmen som vi syng til alle dåpsbarn, gir tårer i augene kvar gong, fortel Leif. Han er også veldig glad i strofa: «Du er alltid mye mer enn vi noen gang forstår.» (Frå salmen Du er hellig, du er hel, nr 287) Salmeskatten er ein veldig rikdom, tenker han.



**Anne Synnøve Johnsen, 72 og Leif Johnsen 76.**

Bustad: Holmeknappen i Meland

Yrke: pensjonistar, eig og driv Galleri Rustica

Kva kjenneteikner ein god kyrkjekaffi?

Gode kaker og kaffi er Anne veldig glad i. Men endå viktigare er at folk pratar saman, og at det blir eit inkluderande fellesskap, slik dei opplever det i Meland. Og det er så kjekt at presten er ein av flokken, så vi kan spørje og kommentere litt det vi har fått høre, meiner Leif.

**Knarvik  
Blomsterstove**



Kvassnesvegen 11 – 5914 Istdalstø  
Tlf: 56 35 62 20 – [www.knarvikblomsterstove.no](http://www.knarvikblomsterstove.no)

**NORDHORDLAND BEGRAVELSESBYRÅ**

Ditt lokale gravferdsbyrå

ALLTID HER FOR deg


DU NÄR OSS PÅ TLF. 56 37 14 10 - 56 99 25 70

Kyrkevegen 1 Alversund      Havnevegen 31 Frekhaug      Elvavegen 1 Dalekvam

**VATNE**  
begravelsesbyrå

DAHLS

Tlf: 56 35 09 10 (24t)  
Kvassnesvegen 11, 5914 Istdalsbø  
[vatne-byra.no](http://vatne-byra.no)



# Flyktningar - ein prøve på verdiane våre

Av Arthur Kleiveland

- Flyktningane vi har mellom oss er ein syrestest – ein prøve på evna vår til å leva ut dei grunnleggjande verdiane: Miskunn. Sanning. Rettferd. Fred.

Slik trekkjer prost Helge Taranrød trådane frå Magnus Lagabøte si Landslov fram til i dag. Han ser ein klar samanheng mellom historiske diakonale og bibelske kjelder og Landslova kong Magnus utforma.

- Kristenretten kom ikkje i mål. Ikkje Landslova heller. Vår generasjon kjem heller ikkje i mål. Men vi gjennomfører vår etappe med å bera vidare desse grunnleggjande verdiane, seier Taranrød.

## Starten på ei ny tid

Ein norsk konge på 1200-talet sette ein ny standard som markerte byrjinga på ei ny tid, med

sterkare menneskelege omsyn og rettsvern for individet. Med Landslova fekk landet ei lov som gjaldt absolutt alle.

Kven er så dei som ikkje sit attmed bordet i vår tid og i vårt samfunn?

- Det er mange som har grunn til å kjenna det slik i dag. Makt og rang spelar ei stor rolle også i vår tid. Men vegen er kort til å tenkja på dei som kjem til oss tomhendte. På flukt. Med ingenting. Med ei bøn om å få søkjha ly for ufred og krig. Om å verta teken imot. Som eit menneske. Skapt i Guds bilde. Seier Helge Taranrød.

## Lokale kyrkjelydar på bana

Dei lokale kyrkjelydane er aktive i møte med flyktningane som blir busette i Alver. Kulturcafè i Knarvik og språkkafè på Frekhaug og på mottakssenteret på Radøytunet, og deltaking i gudsteneste-fellesskap, for å nemna noko.

I Radøy er kyrkja mellom fleire i lokalsamfunnet som viser nestekjærleik i praksis for dei som har kome til Radøytunet.

- Kyrkja sitt engasjement i møte med bebarane på

mottakssenteret er i seg sjølv eit inkluderande fellesskap. Både gjennom møte mellom dei frivillige og bebarane, på språkkafeen og i kyrkja, der frivillige i kyrkjelyden kører bebarane til og frå gudsteneste, seier diakon Gudveig Kartveit Sundsbø.

Ho ser språkkafeen òg som ein dørstopnar for framtidige fellesskap for menneske som vert busette i kommunar rundt i landet.

- Språk er ein veg for å koma inn i miljøet, og gjennom språkkafeen gjev me kunnskap som bebarane kan ta med seg. Dei hyggelege møta på språkkafeen og i gudstenestene gjer òg at våre liv vert rikare. Nærværet og møta mellom menneske gjer noko med oss alle, seier Kartveit Sundsbø. Ho legg til at det er god plass til fleire frivillige.

## Vi kjenner oss velkomne

- Det er fint å vera her, vi har møtt mange flotte folk. Vi set pris på måten vi har blitt tatt imot her. Alle er venlege mot oss, seier Valentyn (26) og Anna (21) frå Kharkiv i Ukraina, to av bebarane på mottakssenteret på Radøytunet.

Vi møter dei på ei gudsteneste i Manger kyrkje like etter påske. I heimlandet er han programmerar i bank, pluss at han i helgene har undervist i webdesign og spelutvikling. Anna levde av song og undervisning i song, særleg for born.

Dei følgjer godt med på kva som skjer i heimlandet, og får oppdatert informasjon både frå venner og familie, og gjennom media. Valentyn og Anna legg ikkje skjul på at det er tøft å høyra om bombing og store øydeleggingar, skadde og drepne.

- Krigen er ein katastrofe, fastslår dei.

## Formidlar songskatt – og førelsar

Valentyn og Anna er ofte på gudsteneste, og dei er takknemlege for at frivillige i kyrkjelyden kører dei og andre på mottaket til og frå kyrkja.

## Verdiåret 2024

- Vi har mange felles tradisjonar med den norske kyrkja, seier Valentin. Dei er også med på språkkafeen og har fått venner mellom dei andre på mottaket. Og så likar dei å gå tur i den vakre naturen på Marøy.

Anna studerer også den norske songtradisjonen, og ho formidlar sin eigen songskatt.

- Når eg syng for folk, får eg fortalt om situasjonen heime i Ukraina. Får gje uttrykk for følelsane mine, og samtidig skapa størst mogleg forståing. Songen er viktig for å få fram vår kultur og identitet. Å få syngja gir meg ro og håp, seier ho.

### «Gud var over alt»

Kristenretten som vart innført på Moster i 1024 var forløparen til Landslova. På «Moster 2024» si heimeside kan vi lesa: «Kristenretten var starten på ei omfattande og radikal samfunnsomvelting - «frå maktsamfunn til rettsamfunn» og markerte byrjinga på ei ny tid, med sterke menneskelege omsyn og rettsvern for individet.»

«Gud var til stades overalt i Bergen på 1200-talet», skriv rettshistorikaren Jørn Øyrehaugen Sunde i boka «Kongen, lova og landet» (2023). Magnus skulle eigentleg ikkje verta konge. Han vart derfor i utgangspunktet ikkje skulert av dei lærde dominikanarane ute på Holmen i Bergen der far hans, kong Håkon heldt til.

- Magnus fekk derimot utdanninga si blant fransiskanarane. Klosteret låg midt i bykjerna, blant dei fattige, dei sjuke, dei lemlestna og mange fleire.

Fransiskanarane var diakonale i si gjerning. Kanskje var det dei som laerte Magnus om dei 4 guddommelege døtrene i Salme 85,11. Miskunn. Sanning. Rettferd. Fred.

Jørn Øyrehaugen Sunde viser til at Magnus inviterte dei som ikkje hadde sete attmed bordet til å delta i samfunnet. Kvinnene, som ikkje hadde eigedomsrett. Dei fattige, som ikkje kunne forsørgja seg sjølve. Dei sjuke, som trøng pleie og omsorg.

- Kristenretten og Landslova slo uttrykkeleg fast at alle menneske er



Frå v.: Gunnar Kartveit, Anna-Kristina Strezhak og Valentyn Zveriev



Språkkaféen: Frå v.: Tetyana Strezhak, Lyudmila Shevchenko og Unni Stray Nordberg.

EL.INSTALLASJON - INGENIØRTENESTER - SERVICE

**HELLAND ELEKTRO AS**

Tlf: 56 34 24 30  
E-post: post@helland-elektro.no  
[www.helland-elektro.no](http://www.helland-elektro.no)  
Foretaksregisteret: NO 986 751 718 MVA

**SIKRINGEN**  
- din elektriker

## PRESTEN PÅ PRIVATEN



**NAMN:** HÅKON KINSARVIK

**ALDER:** 35

**SIVILSTAND:** Gift med Linda

**JOBB:** Spesialprest i Meland sokn,  
ny jobb som sokneprest i Gulen frå august

RISOTTO: Håkon Kinsarvik serverer risotto med asparges og steinsopp, pluss mykje anna snadder inni.

# Håkon er ein gourmetkokk

Tekst og foto: Håkon Glatved-Prahl

– Eg elskar å lage gode måltid. Og gjerne mange rettar. Spesialprest i Meland, Håkon Kinsarvik, er vår første prest ut i den nye serien «Presten På Privaten».

Vi møter Håkon på heimebane i Mjåtveitmarka like ved Frekhaug på Holsnøy. Han geleidar oss inn på kjøkkenet, der han allereie er i gang med dagens middag, som skal

nytast saman med nokre venner som kjem på besøk.

– Kvifor denne interessa for matlaging?

– Eg synest det er kjekt å lage i stand god mat. Mat gir uttrykk for noko fint. Det å skape måltid som gir glede for andre, blir til ei god kjensle for meg også.

Frå informerte kjelder (kona Linda) blir det avslørt at han har invitert til gjestebod der menyen har bestått av opptil 12 rettar.

– Det trur eg har skjedd berre éin gong, parerer Håkon fort, og legg til: Hovudpoenget med gode måltid er jo det sosiale ein opplever saman. Det er trass alt det viktigaste, seier ein litt beskjeden gourmetkokk.

– Kva driv du elles med på fritida?

– Eg må berre først kjapt legge til interessa mi for vin også. Eit glas utsøkt vin til god mat høyrer unekteleg saman. Eg har stor glede av å diskutere vinsortimentet med personalet når eg er innom Polet.

For ordens skull presiserer presten Håkon at dette også gjeld alkoholfri vin.

#### Har vore på 22 cruise

– Men så var det dei andre interessene dine då?

35-åringen løftar blikket frå grytene, tenkjer seg litt om, og seier:

– Både Linda og eg synest det er veldig kjekt å reise på cruise. Eg trur eg har passert 22 cruise, både i Europa og elles i verda.

– Det var då voldsomt. Kvifor denne interessa?

– For det første elskar eg å vere på sjøen. Dernest er eg truleg over gjennomsnittet interessert i slike store båtar. Då eg var liten, drøymde eg om å bli styrmann på ein cruisebåt, seier Håkon lattermildt.



JORDA RUNDT: Håkon har vore på dei fleste hav i verda, som cruisepassasjer.

– Det å vere på sjøen, kaste blikket mot det uendelege, det roar kjenslene. Eg blir aldri lei av å sjå havet, enten det er frå ein båt eller frå ein fjelltopp.

#### Gaustadfjellet er favoritten

– Så du er interessert i fjellturar også?

– Ja, det er eg faktisk. Gaustadfjellet her på Holsnøy er favoritten. Ekstra irriterande er det imidlertid når eg møter på kollega Bjørn Tore, som uanstrengt spring forbi meg når eg er på veg opp til Eldsfjellet. Han fyk jamvel forbi meg på veg ned igjen også – mens eg framleis er på veg oppover.

– Andre interesser?

– Kunst og kultur. Ei teateroppleving kan gi meg styrke. Ein konsert, ei kunstutstilling eller ei teateroppleving gjer noko med rausheit og nærliken til livet. Det betyr mykje for meg,

Torsvik Elektro AS er total-leverandør  
av elektroinstallasjoner i Alver

#### Vi utfører:

Bolig og industri • Alarm  
Billadere • Adgangskontroll  
Tele/data-nettverk •  
Automatisering •  
Godkjent for kontroll  
av el. anlegg



Torsvik  
ELEKTRO

Torsvik Elektro AS / Lager: Olsvollstranda  
Tlf: 56 38 50 00 / [www.torsvik.no](http://www.torsvik.no) / [post@torsvik.no](mailto:post@torsvik.no)  
KVALITETSBEVISST – LØSNINGSORIENTERT – SAMARBEIDSVILLIG

Bygg Team VEST AS



Alt innan tømrarfaget!

# Ny bibel – ei storhending

Tekst og foto: Helge Unneland

Bibelen er grunnboka for alle kyrkjesamfunn! Det norske Bibelselskap kom i vår med ei ny språkleg revisert utgåve. Forrige gong var i 2011. Språket endrar seg, og den nye utgåva Bibel 2024 har nokre språklege justeringar. Kan hende er det utforminga/layouten som er den største skilnaden mellom gamle og nye utgåver. Bibelselskapet har satsa stort på ulike nye variantar til ulike målgrupper. Bergen Kristne Bokhandel har heile sortimentet i begge målformer, totalt 34 ulike utgåver!

## Den viktigaste boka

Bibelen er utan tvil den viktigaste boka i vår kultur! Dyktige forfattarar har vore med i arbeidet med den nye omsetjinga. I samarbeid med fagteologar gjeld å få fram innhaldet i dei gamle tekstane på «godt norsk», slik at dei kan kommunisere med menneske i vår tid.

## Nøkkelforteljingar

Bibelen er grunnboka i vår kultur. For å forstå litteratur- og kunsthistoria treng vi å kjenne til dei viktige nøkkelforteljingane i Bibelen. Kjenner du historia om Josef, Job, den miskunnsame samaritanen, den kloke forvaltaren, den bortkomne sonen – eller hendingane som er opphavet til høgtidene jul, påske og pinse? Oppmodinga er: «Ta og les!» - spesielt i eit år der 1000-årsjubileet for Kristenretten og 750-år for Magnus Lagabøtes Landslov vert markerte.

## Jon Fosse og Sigrid Undset

Jon Fosse vann Nobelprisen i litteratur. Den forrige norske nobelprisvinnaren var Sigrid Undset. Ho sa: «Tid og skikk forandres meget, alt som tiderne lider og menneskenes tro forandres, og de tenker annerledes om mange ting. Men menneskenes hjerter forandres aldeles intet i alle dager». Dei er begge inspirerte av Bibelen sine forteljingar.

## Bergen Kristne Bokhandel

Like bak Korskirken i sentrum av byen - der Kong Oscars gate møter Øvre Korskirkealmennings gate, finn du ein spesialbutikk for kristen litteratur. Her er heile breidda av kristne forlag representerte. I tillegg har ein gåve-artiklar, antikariat, ikonar og helsingeskort til dåp, bryllaup og årmålsdagar.



Dagleg leiar i Bergen Kristne Bokhandel Nadja Brennsæter med Bibel 2024.

I barne- og ungdomsavdelinga finn ein bøker til hjelp i trusformidlinga.

## Ein spennande driftmodell

Korleis få en «nisjebutikk» til å bli lønsam? Det var spørsmålet etter at fleire kristne bokhandlar i Bergen måtte legge ned. Svaret var: Tilsett ein dugande person i løna stilling og suppler med 10-15 pensjonistar som har glede av å formidle kristen litteratur. Då «går det rundt», ikkje minst takka vere det gode samarbeidet med kyrkjelydar i Den norske kyrkje som tingar materiell til konfirmantar og elles til trusopplæringa for ulike aldrar.



# KULTURKALENDER

## 14. juni

### Knarvik kyrkje kl.17.30

Kulturkaféen inviterer til Internasjonal sommarfest.

## 16. juni

### Manger kyrkje kl 17.00

Sommarkonsert, Radøy damekor  
Radøy damekor innbyr til ein nyskapande og spanande sommarkonsert saman med perkusjonsgruppa «Trommeklang» og dirigent Ann Christin Hoen. På programmet står mellom anna songar av Ola Gjeilo, Anita Skorgan, Karl Jenkins og Billy Joel - akkompagnert av marimba, vibrafone og Trommeklang

## 19. juni

### Meland kyrkje kl. 19.00

Musikkandakt ved Magnus Blom

## 22. juni

### Manger kyrkje kl 19.00

Sommarnatt ved orgelet  
Organist William Kay innbyr til sommarkonsert i Manger kyrkje.

## 27. juni -19. juli:

### Meland kyrkje torsdag og fredag kl. 12.00-12.30

Sommarmusikk ved Magnus Blom - når det ikkje er gravferd.  
(Ta kontakt med Magnus Blom på epost om du ønskjer vektentleg oppdatert informasjon mb297@kyrkja.no, eller følg med på Facebook: Meland kyrkjelyd.)

## Salme for sommaren

Norsk salmebok nr. 840

T 1653 Paul Gerhardt

O 1923 Bernt Støylen

**1** I denne fagre sumarstid  
gå ut, mi sjel, og gled deg  
i vår Herres store under!  
Sjå hagen prydd med blomeseng,  
sjå garden med si grøne eng,  
og skog med li og lundar!

**2** Sjå, kvar ei grein av lauv er full,  
og moldi pryder seg i gull  
og fargar utan like!  
Sjå liljer, roser, blad og blom  
ber større bragd og herlegdom  
enn Salomo den rike.

## 17. juli

### Meland kyrkje kl. 19.00

Musikkandakt ved Magnus Blom

## 14. august

### Lygra kyrkje kl. 19.00

KONSERT. Musikalske blikk på Aslaug Laastad Lygre og Olav Nygard. Amalie Duesund, fløyte og Rune Alver, piano. Billettar v/ inngangen kr. 200/100, barn gratis.

## 28. august

### Meland kyrkje kl. 19.00

Musikkandakt ved Magnus Blom

## Rastepllassen kl. 18.00

Syng seinsommar og haust

Vel møtt til ei ny fellessong-samling på Rastepllassen. Willi William Kay leier oss gjennom kvelden med fokus på salmar og songar for seinsommaren og hausten.

## Manger kyrkje kl. 1800

Rasteplassen

## 31. august

### Knarvik kyrkje kl. 18.00

Frå hav til fjell. MUSIKKTEATER basert på Arne Høyland sine viser. Orkester, kor og solistar. Musikalsk leiar: Jon Martin Skauge. Bill.: Ticketco. Arr.: Nordhordland musikkteater i samarbeid med Knarvikmila.

Olsokstemne på Fjon Fjellkyrkje mandag 29. juli kl. 19:  
Gudsteneste, rømmegraut, kaffi, åresal.

Neste nummer kjem frå trykkeriet 18.september.  
Frist for å melde frå om arrangement til kulturkalenderen  
er 16.august.

**3** Høyr, lerka tirlar høgt i sky,  
og stareni byggjer reir på ny,  
med gauken gjel i lundar.  
Småfuglar syng i skogen sval,  
og songen fyller fjell og dal  
i stille morgonstunder.

**4** Sjå, åkren veks seg stor og tung  
til fryd for gamal og for ung,  
som om Guds godeleik kveder.  
Han pryder vent den vide jord,  
han gaver gjev på kvar manns bord  
og alt som hjarta gleder.

**5** Då tenkjer eg: Er du så stor,  
du venleik her på falne jord,  
for syndrar å finna,  
kor stor skal gleda verta då  
når vi den herlegdom får sjå  
som vi hjå Gud skal vinna!

**6** Ja, var eg der og stod eg nær  
ved trona di, min Herre kjær,  
og bar eg mine palmar!  
Eg ville då på englevis  
deg syngja evig lov og pris  
med tusen fagre salmar.



# Barnas



## Prikk til prikk



## Vitsar

Eit eple spurde ein appelsin:  
– Kvifor er det så mørkt her?  
– Fordi pæra har gått.

Har du høyrt om høna som hadde fått feber?  
Ho la berre kokte egg.

## Finn fem feil

Her snakkar Jesus med ein liten familie.

Dei to biletene er nesten helt like, men kan du finne dei fem feila på biletet til høgre?



Teikning: Chiara Bertelli

Gje barnebladet Barnas til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement på [sondagsskolen.no](http://sondagsskolen.no) eller 22 08 71 00



## Finn 10 språk

I rutenettet gøymer det seg namnet på 10 forskjellige språk. Leit bortover og nedover. Klarer du å finne alle?

P	C	F	F	H	W	N	E	K	V
L	I	R	I	E	W	I	S	Z	A
N	G	N	T	B	K	S	P	L	C
F	G	O	A	R	A	L	A	E	F
R	K	R	L	A	G	A	N	N	F
A	F	S	I	I	R	N	S	G	F
N	F	K	E	S	E	D	K	E	J
S	I	X	N	K	S	S	S	L	P
K	O	I	S	F	K	K	B	S	D
T	Y	S	K	D	A	N	S	K	B



Sondagsskolen - mer enn du tror

# Frå Meland til Midtausten

Tekst: Kristin Mestad, misjonsutvalet

Foto: Arve Kjell Uthaug

Dei siste åra har Meland kyrkjelyd hatt misjonsprosjekt i samarbeid med Det norske misjonsselskap (NMS) og mediearbeidet SAT-7 som har sendingar i Midtausten og Nord-Afrika. Og misjonsprosjektet samlar inn godt med pengar.

SAT-7 heldt fram at 2023 har vore eit svært konfliktfylt år i denne regionen. I tillegg har det skjedd store naturkatastrofar, som jordskjelvet i Tyrkia og Syria. Midt i dette ønsker SAT-7 å gje lys og håp til menneske. Dei når fram med forkynnande og oppbyggjande TV-program i eit område der det er vanskeleg å få leve ut kristen tru. Dei etablerer bønenettverk for krig og katastrofar, og dei har program med fokus på menneskerettar, kvinnerrettar og konfliktløysing. SAT-7 vert drive lokalt, og vert støtta av fleire misjonsorganisasjonar internasjonalt og i Norge. NMS er ein av desse.

Meland kyrkjelyd har samla inn heile 83 035 kroner til misjonsprosjektet i 2023. Dette er eit fantastisk flott resultat. Pengane er samla inn på gudstenester gjennom heile året. Nokre av gudstenestene har hatt særleg misjonsfokus, og 11. juni var det misjonsbasar på kyrkjekaffien etter gudstenesta. Misjonsbasarane gir eit eige liv til kyrkjekaffien. Kyrkjelyden stiller med flotte gevinstar og kjøper årer. Under åresalet er det tid for kaffi og ein god prat, eller tid til å springe mellom benkane og leike. Når trekninga går, er det alltid spennande å sjå kven som vinn.



Astrid Anne Fjeldstad, ein heldig vinnar på siste basar til innlekt for SAT 7.

I 2023, var det også takkoffer til misjonsprosjektet på høgmessene i dei store høgtidene; både påske, pinse og jul. Dette har også bidratt til eit godt resultat i 2023.

Vi vil takka for det kvar einskild har gitt til misjonsoffer. Dette er viktig arbeid, og viser at vi står saman som søsken over heile verda.

Les meir om SAT-7 og NMS sitt arbeid i Midtausten på [sat7.org](http://sat7.org) eller [nms.no](http://nms.no).

## Sommarmusikk i Meland kyrkje

I sommar vert det tilbod om konserter i juni og juli - musikkandaktar ein onsdagskveld i månaden som ellers i året. Men nytt i år er at det vert sommarkonserter kl. 12.00 kvar torsdag og fredag frå 27 juni til 19.juli., om ikkje kyrkjemusikar Magnus Blom må spele i gravferd.

Sommarmusikken vert på piano eller orgel, varer ein liten halvtime og du kan kome og gå som du vil undervegs. Kanskje fint å kombinere med besøk på gravplassen eller ein tur til Krossfjellet?

Sidan det kan vere litt usikkert, er det lurt å følgje med på Facebook (Meland kyrkjelyd) eller be om å få oppdatert SMS kvar veke. Send i såfall epost til [mb297@kyrkja.no](mailto:mb297@kyrkja.no)

# Ferdafolk

Tekst: Ferdafolk og Anne Sofie Uthaug  
Foto: Arve Kjell Uthaug

Kontakt har spurt mannfolka bak gruppa Ferdafolk kva dette er for noko

- Annankvar måndag er vi ein gjeng med godt vaksne mannfolk som legg ut på ein 2-3 timars kveldstur, fortel Bent Gunnar Næss. -Turmålet varierer, men gjerne ein fjelltopp slik at pulsen kjem godt opp. Vi let oss ikkje stoppa avvêret, men turmålet blir gjerne tilpassa. I den mørke årstida nyttar vi hovudlykt, og vel litt enklare og godt kjende turmål.

Arve Kjell Uthaug supplerer: - I løpet av turen tek vi ein stopp og deler eit ord frå Bibelen og/eller nokre tankar. I den mørke årstida med litt regn og vind vert det ikkje så lange stoppen, men no når sola gir både lys og varme, kan det vere kjekt å roe ned litt lenger. Vi opplever kombinasjonen av litt «fysisk slit» og fellesskapet som ein fin kombinasjon.

- Om hausten har vi hatt ei helg i fjellet på DNT-hyttene. Ein haust starta turen i Ortnevik ved Sognefjorden og vi gjekk til Modalen med tre overnattingar underveis.

- Vi har ei eiga gruppe på facebook, seier Bent Gunnar.

- Dei som har lyst til å bli med eller – nesten endå betre – starta si eiga turgruppe, er velkomne til det. Vi har på ingen måte teke patent på namnet «Ferdafolk»... Det er ein flat struktur med fravær av overordna planar. Turmålet vert bestemt når måndagen nærmar seg, det viktigaste er å vere klar uansett vêr!

- Kanskje fleire mannfolk likar kombinasjonen av tur, kvardagsleg småpreik og djupare spørsmål? Det er i alle fall ein fin miks for oss, avsluttar dei to.



Pulsen skal opp



Den gode praten, på kanten av stupet.



Blå Kors har flere tilbud for barnefamilier som strever. Med din støtte kan vi hjelpe flere!

**Gi trygge ferieopplevelser til familier som har det vanskelig.**

Gi din gave på **vipps 13130**



**Blå Kors**

# Tankestrek

Av Håkon Økland Kinsarvik

Rett framfor mine foreldre, der bur professoren, som ein kallar han i bygda. Han har ein vakker hage og eit kvitt, renovert hus. Ein triveleg kar, helsar alltid. Han har det siste året både vore på Lindmo, og stemma hans har vore på radio. Jørn Øyrehaugen Sunde er professor i rettshistorie på universitetet i Oslo. Han fløymer over av kunnskap og innsikt, klarer å sjå dei store linjene og ikkje minst begeistre.

Eg har latt meg begeistre! Eit jubileum for kristenretten, er det noko å jubla for?

Øyrehaugen Sunde seier at ein kan ikkje understreke nok kor viktig kristenretten har vore for korleis Noreg er i dag. Me kan lett bli som fisken i vatnet og ikkje forstå heilt kva som omgjev oss. Lova kom ikkje utan førearbeidet som var gjort av både munkar, misjonærar og kristne kongar som hadde prøvd å kristne Noreg.

Håkon den gode, ein av dei tre kristningskongane, er oss i Meland nær. Ikkje langt frå oss ligg Håkonshaugen på Seim, der hans gravminne er. Mannen var nok ingen hyggeleg kar å møte i krig, med sverdet sitt «Kvernbit» kunne han slå dei fleste. Kristningskongen fekk aldri sett noko av draumen om eit Norge der trua stod i sentrum. Det skulle gå heile 63 år frå Håkon døydde i 961 til kristenretten var vedteken på Moster i 1024, av Olav Haraldson og Grimkjell, biskopen hans.

Kristenretten handlar om å gje kristendommen rom i samfunnet vårt. Og lovene. Dei gav grunnlag for menneskerettar, kyrkjeplikt, prestar sin plikt til å gje den siste olje, og forbodet mot å setje ut barn for å døy.

Eg trur me treng å få auge på alt det gode kristendommen har gjort for oss i Noreg, det er lett å gløyme noko ein er omgjeven av heile tida. Eg drøymer om eit livssynsoppe lokalsamfunn, der kyrkja og den kristne trua har si plass på torget. Vi treng ei kyrkje som er nær folk, ikkje ved plikt, men ved å vere tilgjengeleg. Som hjelper ungdom å ta gode val i fritida. Gir meinig. Og meistring for folk. Difor ser eg fram til nye lokala på Frekhaug senter, som er tilgjengelege for folk. Og kanskje ein dag, ser me ei ny kyrkje på Frekhaug. For eg trur ikkje kristendommen har spelt ut si rolle i vårt samfunn, men me må stadig vurdere korleis det skal sjå ut i vår tid.



**Magnus Blom**  
Kyrkjemusikar - 458 60 571  
mb297@kyrkja.no



**Mounir Sarhan**  
Kyrkjeterar - 471 91 961



DEN NORSKE KYRKJA  
Meland kyrkjelyd

**Besøks- og postadresse kontor og Møteplassen:** Havnevegen 31, 5918 Frekhaug. NB. Brakker fram til juli 2024.

**Opningstid:**

Kontoret på Frekhaug er oftaast bemanna man-fre 08.30-15.00. Ta kontakt for avtale.

**Telefon:** 4000 1691  
kvar dag kl 10.00 - 14.00.  
post.meland@kyrkja.no  
www.melandkyrkja.no

**Facebookside:** Meland kyrkjelyd

**Kontonummer:** 3632 07 04019

**Vipps:** 59301  
Hugs å merka kva betalinga gjeld.



Følg oss på Facebook:  
@melandkyrkja

**Alver kyrkjelege fellesråd**  
Lonsvegen 1, 5914 Isdalstø  
post.alver@kyrkja.no  
www.kyrkja.no/alver

**Leiar i fellesrådet:** Sølv Knudsen

**Kontakt**

**Utgjevar:** Soknerådet i Meland sokn, i samarbeid med Osterfjorden sokn, Mo sokn, Knarvik sokn, Radøy sokn og Lindås sokn.

**Redaktør:** Øystein Skauge

**Lokal redaksjon:** Solveig Westermoen, Anne Sofie N. Uthaug

**Grafisk design:** Simen Søvik

**Trykk:** Aksell

**Framsidebilete:** Nye kyrkjekontor og kyrkjetorg kjem i 2 etasje på Frekhaug torg. Foto: Anne Sofie Uthaug



**Helge Taranrød**  
Prost  
ht59@kirken.no



**John Fredrik Wallace**  
Kyrkjeverje  
jw734@kyrkja.no



**Bjørn Tore Sæle**  
Sokneprest - 450 35 084  
bs694@kyrkja.no



**Anne Sofie Nergård Uthaug**  
Dagleg leiar - 404 62 647  
au887@kyrkja.no



**Håkon Økland Kinsarvik**  
Spesialprest - 976 44 169  
hk482@kirken.no



**Gyda Matland**  
Administrasjonssekretær  
400 01 691 · gm663@kyrkja.no



**Ruben Sæle**  
Diakon med ungdomsfokus  
400 01 691 - rs433@kyrkja.no



**Per Arne Traa**  
Soknerådsleiar - 415 59 121  
perarnetraa@gmail.com

# GUDSTENESTEKALENDER



Meland

**09.06.2024 11:00**  
Gudsteneste med nattverd  
Håkon Kinsarvik  
Løvegjengavslutning  
3. sundag i treeiningstida

**16.06.2024 11:00**  
Søndagsåpent med  
nattverd Bjørn Tore Sæle  
4. sundag i treeiningstida

**19.06.2024 19:00**  
Musikkandakt

**23.06.2024 11:00**  
Gudsteneste med nattverd  
Håkon Kinsarvik  
5. sundag i treeiningstida

**30.06.2024 11:00**  
Gudsteneste med nattverd  
Bjørn Tore Sæle  
6. sundag i treeiningstida

**07.07.2024 11:00**  
Gudsteneste med nattverd  
Bjørn Tore Sæle  
7. sundag i treeiningstida

**14.07.2024 11:00**  
Gudsteneste med nattverd  
Bjørn Tore Sæle  
8. sundag i treeiningstida

**17.07.2024 19:00**  
Musikkandakt

**21.07.2024 11:00**  
Gudsteneste med nattverd  
Håkon Kinsarvik  
9. sundag i treeiningstida

**28.07.2024 11:00**  
Gudsteneste med nattverd  
Håkon Kinsarvik  
10. sundag i treeiningstida

**04.08.2024 11:00**  
Gudsteneste med nattverd  
Vikar  
11. sundag i treeiningstida  
**11.08.2024 11:00**  
Gudsteneste med nattverd  
Vikar  
12. sundag i treeiningstida

**18.08.2024 11:00**  
Gudsteneste med nattverd  
Bjørn Tore Sæle  
Løvegjenggudsteneste med  
Ranselbøn  
13. sundag i treeiningstida

**25.08.2024 11:00**  
Gudsteneste  
Holmeknappen Bjørn Tore  
Sæle  
Friluftsgudsteneste /  
Kystsogedagane  
Vingardssundagen

**28.08.2024 19:00**  
Musikkandakt

**01.09.2024 11:00**  
Gudsteneste med nattverd  
Vikar  
15. sundag i treeiningstida

**07.09.2024 10:00**  
Konfirmasjonsgudsteneste  
Bjørn Tore Sæle

**07.09.2024 12:00**  
Konfirmasjonsgudsteneste  
Bjørn Tore Sæle

**07.09.2024 14:00**  
Konfirmasjonsgudsteneste  
Bjørn Tore Sæle

**08.09.2024 11:00**  
Konfirmasjonsgudsteneste  
Bjørn Tore Sæle  
16. sundag i treeiningstida

**14.09.2024 11:00**  
Konfirmasjonsgudsteneste  
Håkon Kinsarvik

**14.09.2024 13:00**  
Konfirmasjonsgudsteneste  
Håkon Kinsarvik

**15.09.2024 11:00**  
Gudsteneste med nattverd  
Helge Taranrød, Bjørn Tore  
Sæle, Håkon Kinsarvik  
Avskjedsgudsteneste for  
Håkon Kinsarvik  
17. sundag i treeiningstida

Namna på  
konfirmantane og  
kva dag dei vert  
konfirmerte, finn du på  
kyrkja.no/meland frå  
midten av august.

## Slekters gang

### Dåp i Meland sokn

- 28.01.2024 Anna Fredriksen Rossland  
28.01.2024 Liam Soltvedt  
18.02.2024 Johannes Bjørndal Saga  
18.02.2024 Luke Normann Kvalheim Monsen  
18.02.2024 Ada Eidsheim Haugen  
24.03.2024 Dennis Moe Andreassen (Knarvik kyrkje)  
24.03.2024 Aron Dragøy Vatne  
24.03.2024 Milian Hitland Skarsvåg  
31.03.2024 Leonora Sagstad Berg  
14.04.2024 Sofia Fernández Badman  
14.04.2024 Emma Dale Sagstad

### Gravferder

- 16.02.2024 Ingolf Martin Ryland  
16.02.2024 Laila Emelie Sjo Samuelsen  
20.02.2024 Erna Hestnes  
23.02.2024 Einar Buarøy  
23.02.2024 Steinar Kåre Sunnhordvik  
15.03.2024 Ragnhild Ingrid Sletten  
09.04.2024 Liv Reidun Aase  
12.04.2024 Kjell Torleiv Høyvik  
12.04.2024 Paul Vikebø